

**RÅDSFORORDNING (EF) nr. 2255/96****av 19. november 1996****om endring av forordning (EØF) nr. 1107/70 om støtte til transport med jernbane, på vei og innlands vannvei(\*)****RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR -****Einaste artikkelen**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet, særleg artikkel 75,

med tilvising til framlegget frå Kommissjonen<sup>(1)</sup>,

med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet<sup>(2)</sup>,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 189 C i traktaten<sup>(3)</sup>, og

ut frå desse synsmåtene:

Etter forordning (EØF) nr. 1107/70<sup>(4)</sup>, særleg artikkel 3 nr. 1, kan medlemsstatane gje støtte som fremjer utvikling av meir samfunnsøkonomiske transportmåtar og transportteknikkar og av kombinert transport.

Kostnadene til omlasting utgjer ein svært stor del av dei samla kostnadene ved transport på innlandsvassvegar. Det er svært viktig for utviklinga av transporten på innlandsvassvegar at det vert gjort omfattande investeringar, slik at omlastingsanlegg og utstyr for terminalar på innlandsvassvegar kan verte meir effektive og betre tilpassa dei noverande forsyningsmessige krava. For dette føremålet er det viktig at støtte som vert gjeven av medlemsstatane eller gjennom statlege midlar, kan stillast til rådvelde for dei føretaka som det gjeld.

Det bør innførast harmoniserte vilkår for tildelinga av slik støtte til utvikling av transporten på innlandsvassvegar, og det må jamleg vurderast korleis støtta verkar.

Støtta bør gjevast over eit tidsrom som er langt nok til at dei førnemnde investeringane kan føre med seg faste kundar og ny trafikk på innlandsvassvegane, og Rådet bør avgjere kva ordning som skal nyttast i ettertid -

**VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:**

(\*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 304 av 27.11.1996, s. 3, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 23/97 av 30. april 1997 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se denne utgave av EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende.

(1) TEF nr. C 318 av 29.11.1995, s. 12.

(2) TEF nr. C 39 av 12.2.1996, s. 96.

(3) Europaparlamentsfråsegn av 13. februar 1996 (TEF nr. C 65 av 4.3.1996, s. 33), felles haldning frå Rådet av 27. juni 1996 (TEF nr. C 264 av 11.9.1996) og europaparlamentsavgjerd av 17. september 1996 (TEF nr. C 320 av 28.10.1996).

(4) TEF nr. L 130 av 15.6.1970, s. 1. Forordninga sist endra ved forordning (EØF) nr. 3578/92 (TEF nr. L 364 av 12.12.1992, s. 11).

I artikkel 3 nr. 1 i forordning (EØF) nr. 1107/70 skal ny bokstav f) lyde:

«f) inntil 31. desember 1999, når støtten gis midlertidig med det formål å fremme utviklingen av transport på innlands vannveier og gjelder:

- investeringer i infrastrukturen for terminaler på innlands vannveier, eller
- investeringer i fast og flyttbart utstyr som er nødvendig for omlasting til og fra fartøyer på innlands vannveier.

Støtten kan ikke overstige 50 % av de samlede investeringer.

Formålet med støtten skal være å avstedkomme ny tonnasje eller tilleggstonnasje for transport på innlands vannveier. Mottakerne må overholde de nærmere regler som er fastsatt av den berørte medlemsstat, og skal være ansvarlige for den faktiske gjennomføringen av investeringen.

Hvert annet år skal Kommissjonen framlegge for Europaparlamentet og Rådet en rapport om framdriften i gjennomføringen av tiltakene, der det særleg framgår hvordan støtten anvendes, hvor store beløpene er, og hvilken innvirkning støtten har på transport på innlands vannveier. Medlemsstatene skal gi Kommissjonen de opplysninger som er nødvendige for å utarbeide rapporten.

Etter forslag fra Kommissjonen og på de vilkår som er fastsatt i traktaten, skal Rådet senest 31. juli 1999 treffe beslutning om hvilken ordning som skal anvendes i ettertid, eller eventuelt om vilkårene for å oppheve ordningen.»

Denne forordning er bindende i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfærdet i Brussel, 19. november 1996.

For Rådet

***H. COVENEY***

Formann